

Foto: Inger Handegård

Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane 2022



Nøkkeltal for avdelinga:

Medlemmer:		60 auke på 6 frå 2021	Diverse:
Møter:	Tal arr.:	Tal medlemmer (andre)med:	
Styremøter:	3	3	3 på teams
Medlemstreff/ møte:		Feltsøkcup	
Årsmøte/fagdag		Årsmøte var via teams 6. Februar - 9 medlemmer møtte - alle med stemmerett	
Arrangement:	Tal :	Tal startar/ Medlemmer i avd.	
Utstilling:	1	1 utstilling med Michael Kristensen, Danmark som dommar	41 spaniels påmeldt
Jaktprøve:	0		
Apportprøve:	1	6 starta, 6 frå avd.	1 x ord
Jaktanlegg:	1	5 starta, 5 frå avd.	4 x ord
Ferskspor – bev.:	1	8 starta - ingen spaniels	Bevegeleg prøve
Blodspor:	3	Eid 1: 16 - 4 spaniels, 1 frå avd. Eid 2: 16 - 6 spaniels, 3frå avd. Bevegeleg: 7 - 1 spaniels frå avd	Bevegeleg prøve + 2 x ordinær
Brukshundprøve			
Rallylydigheit			
Valpeshow:	1	4 spaniels – ingen frå avdelinga	
Kurs:			
Kontakt med medlemmene:			
Utsendt info		Det er sendt ut e-postar med medlemsinformasjon i løpet av året	
Våre Spaniels		Avdelingsspalte i siste nummer i 2022.	
Heimeside		Prøver å oppdatere, men 2022 har vore mindre aktivitet.	
Facebook		Hyppige oppdateringar. Har 555 "følgere" ved utgangen av året mot tidlegare år 482 - 418 - 346 - 314 - 262 - 222.	
Økonomi:	Pr 31/12:	Årsresultat:	Kommentar:
	kr 109148,24	-11308,35	Faktura på kr.12.000 for dommar/ringpersonal/hall til raseutstilling i oktober 2021 og faktura på kr. 2000,- for leige av ridehall til rallystevne i 2021 kom for seint og er bokført i 2022. I tillegg er ca. kr 6250 for dømning Eid, bevegelege sporprøvar i 2021 og kr. 1000 for bonuspoeng brukt i 2021 ført på 2022 rekneskapet. Dette gjev eit samla underskot på rekneskap for 2022.

Andre nøkkelopplysningar/tal:

Dommarar knytta til avdelinga:	Ettersøk (blod/fersk) Arvid Solheim, Årdal, Torstein Solset, Førde, Inger Handegård, Luster, Elin Anita Gjerde, Leikanger, Hilde Rotihaug, Eid, Morten Norheim, Luster. Under utdanning: Ernst Inge Brugrand, Lærdal og Lars Gunnar Røneid, Årdal Jakt/JAL: Inger Handegård. Under utdanning: Linn Didriksen Solsvik, Sogndal
Instruktører	NKK trinn 2 jakt: Inger Handegård, Luster NKK trinn 1: Laila Røneid, Årdal, Linn Didriksen Solsvik, Sogndal, Anne Berge Bjørnseth, Florø Rally: Inger Handegård, Laila Røneid
Oppdrettarar med kennelnamn:	Desperado (ess), Fjordgløtt (ess), Zelfa (ess), Miramora (am cock)

Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane

Styret har for 2022 sett slik ut:

Leiar: Laila Røneid, Årdal Vald 2022/2023
Nestleiar: Hilde Rotihaug, Nordfjordeid Vald 2021/2022
Styremedlem/kasserer: Edvard Hartvigsen, Stryn Vald 2022/2023
1. vara: Anne Berge Bjørnseth, Florø Vald 2022
Webansvarleg: Laila Røneid

Revisor: Erna Tisthammar Vald 2022

RS-utsendingar: Laila Røneid, Hilde Rotihaug
Vara: Edvard Hartvigsen, Anne Berge Bjørnseth

Jaktkontakt:

Kjartan Heggø, Høyanger Vald 2022

Valnemnd:

Malene Østgård Vald 2022/2023
Sissel Ytre-Eide Vald 2022

Styremedlemmer vert vald for 2 år om gongen.

Leiar, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Leiar og brukshundkontakt vert vald mellom styremedlemmene.

Kasserar er ikkje på val med mindre eksisterande kasserer ynskjer avløyning.

Økonomi

Året gav eit underskot på kr. 11 308,35. Årsak er bokføring av utgifter pålydande kr. 21250,- for 2021 er bokført på rekneskap for 2022.

Medlemstal:

Medlemstalet er svakt stigande, noko som er gledeleg. Me har no 60 medlemmer.

Styremøte:

Det har vore 3 styremøter, alle styremøter har vore via Teams.

Informasjon til medlemmene via heimeside, facebookside, e-post og brev

I 2022 har me ikkje vore gode nok på informasjon ut til medlemmane i form av oppdatering av heimeside og facebookside. Dette bør ha større fokus i 2023. Det har vore sendt ut epostar til medlemmane med informasjon og noko informasjon ut på facebookside. Årsmøtet vart annonsert i fellesannonse i Våre Spaniels. Kunngjering og innkalling er sendt ut på epost, og vil bli lagt ut på heimesida.

RS-2022: det deltok ingen frå avdelinga på RS.

Aktivitet i avdelinga i løpet av året:

Årsmøte 6. februar 2022

Årsmøtet var digitalt på Teams.

Blodsporprøve 18. – 19. juni

Det vart arrangert to-dagarsprøve på Nordfjordeid med rekordstor påmelding. 46 ekvipasjar var påmeldt desse to dagane. Dessverre fekk ikkje alle plass, men etter litt logistikk for bruk av sporområde fekk 32 ekvipasjar delta på EK og AK spor. I år var det fleire som overnatta i campingvogner og bubilar på oppmøtestaden i Heggjabygda. Laurdag var det felles grilling og sosialt samvær.



Frå avdelinga vart Edvard med Mi-Mio's Akoya Pearl nr. 2 med 93 poeng i EK på prøven søndag og Simen med Ometyst's My Fairy King gjekk til 1. premie i AK.



Blod, klauv, sporleggarar og dommarar må til for å arrangere sporprøve. Avdelinga setter stor pris på og takkar alle som hjelper oss med å få gjennomført sporprøven!

Ikkje minst takk til Hilde Rotihaug som er primus motor for sporprøvene på Nordfjordeid. Ho tek og grillansvar i all slags vær.

Bevegelege blodspor og fersksporprøvar

I år har me hatt 7 påmeldt blodspor og 8 påmeldt ferskspor. Kun ein spaniel frå avdelinga har delteke og er godkjent ettersøkshund. Dommarar på bevegelege prøvar dette året har vore Hilde Rotihaug, Torstein Solset, Morten Norheim, Elin Anita Gjerde, Torger Eimhjellen og Jan-Inge Skjerven.

Jaktanleggsprøve 21. august

For første gong arrangerte klubben jaktanleggsprøve i Sunnfjord, nærare bestemt på Bringeland. Dommar Tor Magne Gramstad hadde nok ein gong køyrt frå Rogaland for å dømme for avdelinga. Fem hundar påmeldt og som starta på jaktanleggsprøven; yngstemann var 10 månader og eldste var fire år – ingen hadde godkjent prøve frå før og fire av dei var debutantar. Då var det ekstra kjekt at 4 av 5 vart godkjent. Dette til tross for at sistemann fekk mykje regn i søket og dei første på vannarbeidet kunne ha teke apportprøven på land. Ein hund ville dessverre ikkje hente dummyen på land og må prøve på nytt til neste år. Værgudane var harde med oss denne dagen med store nedbørsmengder.

Godkjente hundar på JAL: **AmazingLittleAbby**, **TM Vulcan**, **Scooterbrook Chester** og **Desperados Just You And Me**. Dei tre første er jaktcockere, den siste ein springer.

På apportprøven starta fire hundar i BK og to i AK. Einaste som valte å levere anda til fører etter regelverket var springeren **Desperados Happy Me** som vart godkjent i BK. Det har dessverre ikkje vore nokon organisert trening dette året, men med litt meir trening vil nok alle hundane som starta kunne klare denne prøven eit seinare år.

Til tross for at det var vanskeleg å vera sosial ute grunna været, vart det ei hyggeleg prøve. Tor Magne er ein svært behageleg dommar å gå for, så me håpar og trur alle hadde ein fin dag i skogen uansett resultat.



Eit lite opphald i regnet og nok til at det vart eit bilde av dei som kom i gjennom. Gratulerer!

Spesialutstilling

Avdelinga har også i år arrangert spesialutstilling i samarbeid med Sunnfjord hundeklubb som teknisk arrangør. Utstillingen var i Skei storhall som er ein flott og romsleg hall.

Laurdag 8. oktober var det 41 spaniels påmeldt spesialen. Rasedommer var Michael Kristensen frå Danmark. Hyggelig dommar som gav alle ei god oppleving i ringen, også for dei som var debutantar.

Takk til Royal Canin, Canelana, Nextmune, kennel Fjordgløtt, kennel Desperado, kennel Zelfa, Leikanger hund, Nortura og ProVit for sponing og gavepremiar.

9. oktober var det ny utstilling i regi av Sunnfjord hundeklubb. Dommar var Andrzej Stępiński frå Polen. Det var ikkje fullt så mange spaniels som deltok denne dagen -33 hundar, der springer var den som hadde mest fråfall.

Takk til alle utstillarar for fine dagar i og rundt ringen og ein ekstra takk til Sunnfjord hundeklubb for vel gjennomført arrangement.

Finaleresultat spesialen:

BIS Trismatos Third Time Lucky (cocker), **BIS 2 Winton State Of The Art** (springer), **BIS 3 Heat-stead Amicock's Viola** (amerikaner), **BIS 4 Libell's Pleiades Elektra** (clumber).

BIS valp Retzina's Merida (cocker), **BIS 2 valp Blubby's Little Lady** (springer)

BIS junior Fjordgløtt Cream Dream (springer)

BIS veteran Fjordgløtt Bonnie (springer) **BIS 2 veteran Retzina's For your Eyes Only** (cocker)

BIS bruks Skjervtun's Silver Sky (cocker), **BIS 2 bruks Winton State Of The Art** (springer) og **BIS oppdrett kennel Winton**.



Elin Anita Gjerde med **BIS junior Fjordgløtt Cream Dream** og **BIS veteran Fjordgløtt Bonnie**

Feltsøk-cup (søk og apportering) 2022/2023

Korona har ført til redusert aktivitet dei siste år. Hausten 2022 var det derfor sett i gang feltsøk-cup for å prøve å i gang igjen litt aktivitet og trening. Sidan me er så få i avdelinga og spreidd rundt i fylket så har det vore mogleg å ha samarbeid med andre hundeklubbar dersom nokon ynskjer det. Målet var å få i gang søk og apport-trening der medlemmane bur. Første treningsdag var i Gaupne 16. oktober, og før jul var det arrangert tre samlingar. Avdelinga set opp premier til dei beste spanielane i kvar klasse. Cupen er gratis for alle!

Å trene søk-appoint med hunden er ein fantastisk nyttig trening for alle hundar! Super hjernetrim og aktivisering, og nyttig for alle uansett om dei ynskjer ein velfungerande familiehund eller ein god jakthund.



Feltcupsamlinga i desember hadde stort innslag av jul som tema. Det var seks hundar som deltok. Inger stilte med flott pynta og gode pepperkaker. Hundane fekk ulike gjenstandar som skulle hentast i eit felt på 20x50 meter.

Spaniels i avdelinga som har blitt champions, fått nye mellomtitlar og andre titlar i 2022

- N VCH N V(F)CH SpH D RLII RLI LPI Desperados Happy Me (Happy)
- VIJV-22 HAHJV-22 DKKJUBJV-22 DKJUCH C.I.B-J Fjordgløtt Cream Dream (Candy)
- NBSCH NV(F)CH DKSCH(B) NUCH NORD VCH SE VCH BH-VT Winton Kisses of Fire (Vipps)

Årets mestvinnande i fylket 2022:

Det er medlemmene som har ansvar for å sende inn egne resultat, men me har også teke med alle resultat oppnådd på avdelinga sine egne arrangement. Styret plukkar ut vinnar av årets debutant og junior frå bl.a. forslag frå medlemmer, heimesida og FB-sida til klubben, frå medlemsmøte, samlingar og kurs. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på avdelinga sine offisielle arrangement prøvar og utstilling (og eventuelt andre arrangement) og som også har vore aktive på andre aktivitetar i avdelinga som årsmøte, kurs, online-konkurransar.

Årets junior, debutant og alle greinvinnarar med meir enn 100 poeng oppnådd får eit gavekort på kr. 200 for bruk på avdelinga sine aktivitetar i 2023.

Årets junior:

Årets debutant: Anne Berge Bjørnseth

Godkjent JAL, 1. premie LP 1 og to 3. premiar i LP1.

Gratulerer til alle sammen!

Årets mestvinnande i NSK avdeling Sogn og Fjordane 2022

Årets utstillingshund

Nr	Namn	Eigar	Rase	Poeng
1	Fjordgløtt Cream Dream	Elin Anita Gjerde	ess	310
2	Fjordgløtt Bonnie	Elin Anita Gjerde	ess	290
3	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde	ess	245
4	Desperados Finnwin	Inger Handegård	ess	200
5	Desperados Just You And Me	Inger Handegård	ess	180
6	Zelfas Batman	Laila Røneid	ess	165
7	Zelfas Ariel	Laila Røneid	ess	150
7	Desperados Happy Me	Inger Handegård	ess	150
9	Gloslibråten Penny	Mona Brask Steinseth	cs	130
10	Gloslibråten Thea	Mona Brask Steinseth	cs	110

Årets jakthund (premie blir ikkje utdelt då ingen har over 100 poeng eller er jaktpremiert)

1	Desperados Happy Me	Inger Handegård	ess	50
2	Amazing Little Abby	Anne Berge Bjørnseth	cs	40
3	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde	ess	40
4	Fjordgløtt Cream Dream	Elin Anita Gjerde	ess	40
5	Desperados Just You And Me	Inger Handegård	ess	30

Årets lydighetshund

1	Desperados Happy Me	Inger Handegård	ess	270
2	Desperados Finnwin	Inger Handegård	ess	210
3	Amazing Little Abby	Anne Berge Bjørnseth	cs	170

Årets brukshund (NBF)

1	Desperados Happy Me	Inger Handegård	ess	220
2	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde	ess	70

Årets sporhund (blod)

1	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde	ess	310
2	Streamside's Jungle Master	Olav Aamot	ess	190
3	Mi-Mio's Akoya Pearl	Nina/Edvard Hartvigsen	ess	110
4	Desperados Happy Me	Inger Handegård	ess	100
5	Ometyst's My Fairy King	Simen Strømsøy	ess	70

Årets rallylydigheitspaniel

1	Fire'n Ice Dare To Dream	Sissel Ytre-Eide	ess	220
2	Desperados Happy Me	Inger Handegård	ess	210
3	Fjordgløtt Belezza	Sissel Ytre-Eide	ess	110

Årets allsidighetsspaniel

1	Desperados Happy Me	Inger Handegård	ess	560
2	Winton Kisses of Fire	Elin Anita Gjerde	ess	260
3	Amazing Little Abby	Anne Berge Bjørnseth	cs	110

